



Arkeologisk rapport 2020

Etablering av fritidsbustader

Ytre Vik, gbnr 42/2 i Vanylven kommune

Feltleder: Signe Marie Midtgård



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

Forord	5
1. Samandrag	6
2. Bakgrunn og formål med undersøkinga	7
3. Området.....	9
4. Kulturhistorisk riss	11
4.1 Automatisk freda kulturminne	11
4.2 Nyare tids kulturminne.....	12
4.3 Lausfunn.....	13
5. Strategi og metode.....	14
5.1 Visuell overflateregistrering.....	14
5.2 Maskinell sjakting	14
5.3 Manuell prøvestikking.....	14
6. Undersøkinga	15
6.1 Sjakter.....	16
6.2 Prøvestikk.....	22
6.3 Dokumentasjon.....	41
7. Resultat.....	42
7.1 Buplass, ID 273711	42
7.2 Lausfunn, ID 273734.....	43
8. Konklusjon	44
9. Litteraturliste	45
10. Vedlegg	46

Figurliste

Figur 1: Kronologiske periodar.....	5
Figur 2: Plankart.....	7
Figur 3. Bilete av tiltaket og området.....	8
Figur 4. Kart over planområdet (flyfoto).....	9
Figur 5. Strandlinjekurve for Slagnes, Vanylven kommune, etter skjema utarbeidd av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).....	10
Figur 6. Utskiftingskart over Ytre Vik.....	11
Figur 7. Kjente automatisk freda kulturminne	12
Figur 8. Bilete av kjente automatisk freda kulturminne.....	12

Figur 9. Uthuset med SEFRAK-ID 1511-0006-033.	13
Figur 10. Bilete av kjente kulturminne frå nyare tid.	13
Figur 11. Det vestlegaste jordet, sett mot SA.	15
Figur 12. Skråninga mellom det vestlegaste og det nordaustlegaste jordet.	15
Figur 13. Jordet lengst i NA, sett mot NA.	16
Figur 14. Den nordaustlege delen av planområdet, sett mot SV.	16
Figur 15. Kart over alle sjaktene, med nummer.	17
Figur 16. Bilete av sjakta.	17
Figur 17. Bilete av sjakta.	18
Figur 18. Bilete av sjakta.	19
Figur 19. Bilete av sjakta.	20
Figur 20. Bilete av sjakta.	21
Figur 21. Bilete av sjakta.	22
Figur 22. Kart over alle prøvestikka, med nummer. Dei raude er positive og dei grøne negative.	23
Figur 23. Bilete av prøvestikk SMM1	23
Figur 24. Bilete av prøvestikk SMM2	24
Figur 25. Bilete av prøvestikk SMM5	25
Figur 26. Bilete av prøvestikk SMM6	26
Figur 27. Bilete av prøvestikk SMM7	27
Figur 28. Bilete av prøvestikk SMM12	29
Figur 29. Bilete av prøvestikk SMM13	29
Figur 30. Bilete av prøvestikk A12.	35
Figur 31. Kart over lokaliteten, som er den raude figuren lengst aust. Nokre meter lenger vest ligg funnstad for lausfunna.	42
Figur 32. Lokaliteten ligg her, langs vegen og bort til dei tre bjørketrea midt i biletet. Den ligg for det meste i området med mørkegrønt gras, men strekk seg også litt opp i det lysare. Sett mot A.	43
Figur 33. Kart som viser lokaliteten og funnstad for lausfunna i forhold til planområdet	44

Forord

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. Kulturminnelova § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. Kulturminnelova §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. Plan og bygningsloven § 11-8.

HOVEDPERIODE	UNDERPERIODAR	14C-ÅR (før notid)	KALENDERÅR
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10020 – 8900 b.p.	9500 – 8000 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8900 – 7690 b.p.	8000 – 6500 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7690 – 5230 b.p.	6500 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5230 – 4700 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4700 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p	2300 – 1800 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1800 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	1840 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingertid	1500 – 1210 b.p.	570 – 780 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	780 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1: Kronologiske periodar.

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesaker, jf. Kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søker anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller söke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke på Ytre Vik, gbnr. 42/2 i Vanylven kommune, i samband med detaljregulering av tomta. Målet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av frittliggande fritidsbustadar innanfor delar av område E40 i Vanylven kommune sin arealdel, samt etablering av rorbuer mellom område E40 og sjøkanten.

Feltarbeidet blei utført av Signe Marie Midtgård og Agathe Sofie Smørholm i perioden 9. til 20. november 2020, og rapporten blei ferdigstilt 27. januar 2021. Totalt blei det nytta 28,2 dagsverk på saken.

Av metodar blei det nytta visuell overflateregistrering, maskinell sjakting og manuell prøvestikking.


Totalt blei det funne 1 automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, fordelt på 1 lokalitet:

- Buplass, ID 273711
- Lausfunn, ID 273734

Det blei ikkje påvist verdifulle kulturminne frå nyare tid, men ruinane etter eit uthus med SEFRAK-ID 1511-0006-033 blei observert.

2. Bakgrunn og formål med undersøkinga

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er detaljregulering for å legge til rette for oppføring av fritidsbustadar innanfor delar av område E40 i Vanylven kommune sin arealdel, samt etablering av rorbuer mellom område E40 og sjøkanten.



Figur 2: Plankart.

Før planarbeidet kunne godkjennast blei det stilt krav om arkeologisk registrering. Dette blei gjort på bakgrunn av høgda over havet og den generelle plasseringa av området, samt at det er kjent ein steinalderlokalitet om lag 1,5 km unna.

Formålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planarbeidet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova av 9. juni 1978.



Figur 3. Bilete av tiltaket og området.

3. Området


Planområdet ligg på garden Ytre Vik, midt imellom Korsneset og Vikneset på Slagnes i Vanylven. Det er på ca. 16,2 daa og ligg for det meste i dyrka mark, men inneholder også nokre skrånningar med skog, ein del av ein veg og to SEFRAK-registrerte bygningar.



Figur 4. Kart over planområdet (flyfoto).

Som følgje av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom heile forhistoria. Då isen byrja å smelte etter sist istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet blei ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinjene difor høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida et program som gjer det mogleg å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvene er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om ein føresett at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinjekurver både nyttast til å vurdere funnpotensial og til å datere eventuelle funn.



Figur 5. Strandlinjekurve for Slagnes, Vanylven kommune, etter skjema utarbeidd av David N. Simpson, mars 2001 (jf. Svendsen & Mangerud 1987, Bondevik, Svendsen og Mangerud 1998).

4. Kulturhistorisk riss

Vik er eit gammalt namn, og denne garden er nemnt i skriftlege kjelder frå 1500-talet (Sæter 1981:134).



Det er kjent nokre automatisk freda kulturminne i nærområdet frå før. Tabellen under viser ei oversikt over dei.

ID i Askeladden	Kulturminne	Datering
144843	Buplass	Eldre steinalder
85765	Vanylven kyrkje	1864
227355	Damps skipskai	Uviss tid
150761	Busettingsspor	Bronsealder-jarnalder
150763	Busettings-aktivitetsområde	Førromersk jernalder
150764	Dyrkingsspor	Seinneolitikum-bronsealder
170083	Dyrkingsflate	Eldre bronsealder

Figur 7. Kjente automatisk freda kulturminne



Figur 8. Bilete av kjente automatisk freda kulturminne.


4.2 Nyare tids kulturminne

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som wms-teneste, mellom anna på www.gislink.no.

Som det går fram av fig. 10 ligg det mange SEFRAK-registrerte bygningar i området. Av desse ligg to innanfor plangrensa. Dei har ID 1511-0006-032, som er eit stovehus frå 1800-talet, og 1511-0006-033, som er eit uthus frå 1800-talet. Stovehuset står der ikkje lenger i dag, og under registreringa blei det opplyst at det er nedgrave i grunnen. Uthuset er ein overgrodd ruin ved sida av ein gammal einebustad som står til nedfalls.



Figur 9. Uthuset med SEFRAK-ID 1511-0006-033.



Figur 10. Bilete av kjente kulturminne frå nyare tid.

4.3 Lausfunn

Ei oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på www.unimus.no/arkeologi. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert.

Det er ikkje kjent automatisk freda gjenstandar på garden frå før.

5. Strategi og metode

Strategi og metode blei valt ut frå terrenget, arealbruk og vegetasjon i området.

På grunn av høgda over havet og utforminga av terrenget blei planområdet rekna for å ha potensial for kulturminne frå både steinalderen, bronsealderen og jernalderen. Det blei derfor valt å først prøvestikke over heile området, og deretter undersøkje dei flatare delane ved maskinell sjakting.

5.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor o.s.v. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstong der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el. l. avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

5.2 Maskinell sjakting

Metoden inneber at ein nytter gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege i den sterile grunnen under. Sjaktene har ei bredde på om lag 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10-15 meter.

5.3 Manuell prøvestikking

Metoden inneber at ein bruker spade og fjernar torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massane blir grave opp mekanisk, bøtte for bøtte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldinga fjernar jord, sand o.l. og gjer det mogleg å påvise steinreiskapar som økser og pilspissar, eller avfall frå tilverking av slike, som t.d. flintavslag. Uttakstaden for kvart bøttelag blir markert i profilen for kvart bøttelag, for eventuelt å kunne relatere funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk blir kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokalitetar.

6. Undersøkinga

Registreringsarbeidet blei utført av Agathe Sofie Smørholm og Signe Marie Midtgård i perioden 9. til 20. november 2020, og utgjorde totalt 17,9 dagsverk. Maskinførar var Svein Ove Westerås frå Kragseth maskin, som stilte med ei 8 tonns gravemaskin med ei ca. 100 cm brei pusseskuff.



Figur 11. Det vestlegaste jordet, sett mot SA.



Figur 12. Skråninga mellom det vestlegaste og det nordaustlegaste jordet.



Figur 13. Jordet lengst i NA, sett mot NA.




Figur 14. Den nordaustlege delen av planområdet, sett mot SV.

Vêret var varierande. Den første uka var det rundt 10 grader og overskya. Den andre uka var det kraftig regn og 3 grader. Vêrforholda hadde ikkje innverknad på arbeidet som blei utført.

6.1 Sjakter

Det blei totalt opna 6 sjakter med maskin innafor planområdet. Tre av desse låg på jordet i vest, to på det lille jordet sør aust for vegen, og ei på jordet i nordaust.



Figur 15. Kart over alle sjaktene, med nummer.

Sjakt 1



Figur 16. Bilete av sjakta.

Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 1, oversikt

Lengde:	42,3 m	Breidde:	4,6 m	Djupne:	20-30 cm	Retning:	NV-SA
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	15 cm	Matjord					
2	5-15 cm	Raud, siltig sand med ein del stein.				Berg mange stader	

Sjakt 2



Figur 17. Bilete av sjakta.

Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 2, oversikt

Lengde:	12 m	Breidde:	2,5 m	Djupne:	20-30 cm	Retning:	VNV-ASA
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	20 cm	Matjord					
2	10 cm	Raud, siltig sand med ein del stein.				Berg stikk opp nokon stader	

Sjakt 3



Figur 18. Bilete av sjakta.

Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 3, oversikt

Lengde:	16, 3 m	Breidde:	2 m	Djupne:	40 cm	Retning:	N-S
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	20-40 cm	Matjord					
2	20 cm	Brun, siltig sand					

Sjakt 4



Figur 19. Bilete av sjakta.

Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 4, oversikt

Lengde:	19 m	Breidde:	2,5 m	Djupne:	30-50 cm	Retning:	NV-SA
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	25 cm	Matjord					
2	5-25 cm	Gråbrun sand med ein god del grus og stein			Aurhelle i botnen		

Sjakt 5



Figur 20. Bilete av sjakta.

Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 5, oversikt

Lengde:	15 m	Breiddle:	2,5 m	Djupne:	30-40 cm	Retning:	NV-SA
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	25 cm	Matjord					
2	5-15 cm	Gråbrun sand, grus og stein.				Aurhelle i botnen. Restar av nedgrave bygning i NV.	

Sjakt 6



Figur 21. Bilete av sjakta.


Sjakta var *negativ*, og det ble verken funne strukturar eller funn som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Sjakt 6, oversikt

Lengde:	47,5 m	Breidde:	2,5 m	Djupne:	30-50 cm	Retning:	N-S
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	20-50 cm	Veldig grusholdig matjord					
2		Noko leirholdig grus og stein i S				I N halvdel mange veiter og moderne grøfter, og elles større steinar i undergrunnen.	

6.2 Prøvestikk

Det blei totalt grave 50 prøvestikk innafor planområdet. Av desse var 9 positive og 41 negative. Alle dei positive prøvestikka låg på jordet i nordaust.



Figur 22. Kart over alle prøvestikka, med nummer. Dei raude er positive og dei grøne negative.

Prøvestikk 1



Figur 23. Bilete av prøvestikk SMM1.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 2 funn/gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM1, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	48 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	13 cm	Matjord med mykje grus og sand (BL1)					
3	12 cm	Fortsettning av same lag (BL2)					
4	18 cm	Brun sand med ein del grus				Leire i botnen	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring		Kontekst	Kommentar	
1	Flekkefragment	Flint			BL1		
2	Avslag	Flint			BL2		

Prøvestikk 2



Figur 24. Bilete av prøvestikk SMM2.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 3 funn/gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM2, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	7 cm	Matjord med mykje grus og sand (BL1)					
3	8 cm	Same lag (BL2)					
4	8 cm	Siltholdig matjord med meir grus					
5	12 cm	Brun sand med mykje grus og stein				For kompakt til å grave djupare	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring		Kontekst	Kommentar	
3	Avslag	Flint			BL1		
4	Avslag	Flint			BL1		
5	Avslag	Flint			BL2		

Prøvestikk 3

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne

Prøvestikk SMM3, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	37 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	15 cm	Matjord med mykje stein og grus					
3	17 cm	Brun sand med mykje grus og veldig mykje stein					For kompakt til å grave djupare

Prøvestikk 4

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne

Prøvestikk SMM4, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	46 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	7 cm	Torv					
2	21 cm	Klebrig matjord med noko grus					
3	18 cm	Kompakt grus og brun sand					For kompakt til å grave djupare

Prøvestikk 5



Figur 25. Bilete av prøvestikk SMM5.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 4 funn/gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM5, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	48 cm	Bøttelag	5
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	18 cm	Siltholdig myrjord					
3	7 cm	Brun sand med mye grus (BL3)					
4	7 cm	Same lag (BL4)					
5	8 cm	Gråbrun, siltig sand med mykje grus og stein.				Eit par røter stikk opp av botnen. All grus og stein veldig kompakt.	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring			Kontekst	Kommentar
6	Avslag	Bergkrystall				BL3	
7	Avslag	Flint				BL3	
8	Avslag	Flint				BL3	
9	Avslag	Flint				BL4	

Prøvestikk 6



Figur 26. Bilete av prøvestikk SMM6.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 1 funn/gjenstand som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM6, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	38 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	20 cm	Siltholdig myrjord med noko grus					
3	13 cm	Kompakt, brun sand med mykje grus og stein (BL3)				Stor stein i botnen gjer det umogleg å grave djupare	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring			Kontekst	Kommentar
10		Flint				BL3	

Prøvestikk 7



Figur 27. Bilete av prøvestikk SMM7.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 1 funn/gjenstand som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM7, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	36 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	7 cm	Matjord (BL1)					
3	6 cm	Matjord (BL2)					
4	18 cm	Gamalt gras, stein og røter				Store røter i botnen gjer det umogleg å grave djupare. Plast og anna moderne i alle lag.	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring		Kontekst	Kommentar	
11	Avslag	Flint			BL2		

Prøvestikk 8

Figur 18. Profilteikningar av prøvestikket.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 1 funn/gjenstand som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM8, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	18 cm	Matjord med mykje grus					
3	17 cm	Brun sand med mykje grus og store steinar (BL3)				Store steinar og vatn i botnen	
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring		Kontekst	Kommentar	
12	Naturflint						

Prøvestikk 9

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM9, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	50 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	15 cm	Matjord med ein del grus					
3	13 cm	Mørkebrun, siltig sand med ein god del grus					
4	17 cm	Fin, lysebrun sand med ein god del grus					

Prøvestikk 10

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM10, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	45 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	19 cm	Matjord med ein del grus					
3	14 cm	Gråbrun sand med ein del grus og stein					
4	7 cm	Grå sand med ein god del grus og stein				Noko vatn i botnen	

Prøvestikk 11

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM11, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	57 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	50 cm	Torv					
2	7 cm	Store steinar				Berg i botnen	

Prøvestikk 12



Figur 28. Bilete av prøvestikk SMM12.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 3 funn/gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM12, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	7 cm	Torv					
2	19 cm	Matjord med ein god del grus og stein					
3	14 cm	Brun sand med mykje grus og stein (BL3)				Berg i botnen. Noko vatn.	

Prøvestikk 13



Figur 29. Bilete av prøvestikk SMM13.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 1 funn/gjenstand som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM13, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	56 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	9 cm	Matjord med ein del grus (BL1)					
3	26 cm	Kolbitar med litt grus og sand, samanblanda med matjord i toppen av laget					Tolkast som moderne, truleg etter bråtebrann el. l.
4	16 cm	Brun sand med ein god del grus og stein					Mykje vatn
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring			Kontekst	Kommentar
16	Avslag	Flint				BL1	

Prøvestikk 14

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM14, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	56 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	7 cm	Torv					
2	23 cm	Matjord					
3	26 cm	Brun, siltig sand med ein del grus og stein					Store steinar i botnen

Prøvestikk 15

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM15, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	25 cm	Matjord med noko grus og ein bit porselen					
3	10 cm	Raud, sandholdig fuktig silt med litt grus og stein					Stor stein eller berg i botnen

Prøvestikk 16

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM16, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	50 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	22 cm	Matjord med noko grus og litt teglstein					
3	23 cm	Raud silt med litt grus				Store steinar i botnen	

Prøvestikk 17

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM17, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	35 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	20 cm	Matjord med noko grus og teglstein					
3	10 cm	Raud sil med litt grus					

Prøvestikk 18

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM18, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	5 cm	Torv					
2	20 cm	Matjord med litt grus og teglstein					
3	15 cm	Mørk raudbrun silt med ein del grus og stein				Berg i botnen	

Prøvestikk 19

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne

Prøvestikk SMM19, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	38 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	19 cm	Matjord med noko grus					
3	14 cm	Mørk raudbrun silt med litt grus og ein del Stein					Berg i botnen

Prøvestikk 20

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk SMM20, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	5 cm	Torv					
2	25 cm	Matjord med noko grus					
3	10 cm	Brun sand med ein del grus og stein					Berg i botnen

Prøvestikk 21

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A1, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	34 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	15 cm	Torv					
2	5 cm	Matjord, svært grusholdig					
3	14 cm	Sand, grus og nevestor stein					

Prøvestikk 22

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikkje gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne

Prøvestikk A2, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	38 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	17 cm	Torv med mykje grus og stein					
2	22 cm	Torv-, sand- og grusholdig jord, mye stor stein					Ein større stein dekker store delar av stikket frå 15 cm djupne

Prøvestikk 23

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne

Prøvestikk A3, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	28 cm	Bøttelag	1
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	28 cm	Svært grus- og steinrik matjord på berg/kjempestein					

Prøvestikk 24

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A4, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	35 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	17 cm	Grus- og steinrik torv					
2	10 cm	Stein- og humusholdig jord					
3	6 cm	Hardpakka sand og grus				Hard silt i botnen	

Prøvestikk 25

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A5, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	30 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	15 cm	Grusholdig torv					
2	10-12 cm	Sand-/grusblanda matjord					
3	6 cm	Sand og grus				Stein jamt over i heile stikket	

Prøvestikk 26

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A6, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	55 cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	21 cm	Grusrik torv og matjord					
2	22 cm	Stein- og humusholdig grus, hardpakka					
3	10 cm	Grusholdig humus, mindre stein					Hard, grå silt i botnen

Prøvestikk 27

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A7, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	37	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	14 cm	Torv og matjord					
2	17 cm	Humus- og steinholdig grus, hardpakka					Grå, hardpakka silt i botnen

Prøvestikk 28

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A8, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	17 cm	Torv og matjord					
2	10 cm	Grusblanda matjord					
3	7 cm	Grå silt					I botnen ligg mykje stein, inkl. skifer. Mellom steinane ligg grus- og torvholdig humus

Prøvestikk 29

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A9, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	41 cm	Bøttelag	
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	20 cm	Torv					
2	21 cm	Grusholdig matjord					Grå grus i botnen

Prøvestikk 30

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A10, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	36 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	13 cm	Grusholdig torv					
2	23 cm	Grusblanda matjord				Mykje stein generelt. Hardpakka stor Stein i botnen	

Prøvestikk 31

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A11, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	32 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring			Prøve	Kommentar	
1	15 cm	Grusrik torv					
2	18 cm	Grus				Stein/berg i botnen	

Prøvestikk 32



Figur 30. Bilete av prøvestikk A12.

Prøvestikket var *positivt*, og totalt blei det påvist 1 funn/gjenstand som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A12, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	40 cm	Bøttelag	2
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	16 cm	Grusholdig torv					
2	11 cm	Grus- og steinholdig matjord					
3	8 cm	Sand					
Funn. Nr	Type	Råstoff	Skildring			Kontekst	Kommentar
18		Flint				BL2	Funne i nedste del av matjorda

Prøvestikk 33

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A13, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	43 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	12 cm	Grusholdig torv					
2	10 cm	Grus- og steinholdig matjord					
3	4-6 cm	Torvlag					
4	17 cm	Sand- og steinrik humus					

Prøvestikk 34

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A14, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	45 cm	Bøttelag	3
Lag Nr.	Tjuknad	Skildring				Prøve	Kommentar
1	14 cm	Torv					
2	11 cm	Brun matjord, noko grusholdig					
3	3-4 cm	Mørk/svart humus, noko torvaktig					
4	4-16 cm	Lysare brun grus og stein					Hard aur i botnen

Prøvestikk 35

Prøvestikket var *negativt*, og det ble ikke gjort funn av lag eller gjenstandar som er tolka som automatisk freda kulturminne.

Prøvestikk A15, oversikt

Lengde:	40 cm	Breidde :	40 cm	Djupne:	29 cm	Bøttelag	2
